



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 11.02.2026
Vår ref: 26/00161-2
Dykkar ref: 202521494-2

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Fråsegn til høyring av detaljplan for miljø og landskap for reetablering av dam Longerak i Bygland kommune

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 8. januar 2026.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter vassdragslovgevinga.

Om saken

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sender detaljplan for miljø og landskap for reetablering av dam Longerak i Bygland kommune på høyring.

Eksisterande dam Longerak må rehabiliterast. Tiltaket gjeld reetablering av ny dam Longerak i betong, som skal erstatte den eksisterande steinkistedammen for å tilfredsstille krav i nye forskrifter. Den nye dammen plasserast på same sted.

Fråsegn frå DMF

Det planleggast ikkje masseuttak i samband med etablering av ny dam, anna enn eit mogleg uttak ca. 70 m³ i nærleiken av tiltaket. DMF minner om at uttak på over 500 m³ er meldepliktig¹ jf. § 42 i mineralloven.

DMF kan elles ikkje sjå at dei planlagde tiltaka røyrrer ved registrerte mineralressursar, bergrettar eller masseuttak i drift, og har ingen fleire merknadar til detaljplanen.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du òg vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

¹ Meldeplikt (DMF): <https://www.dirmin.no/melding-oppstart-av-drift>



Vennlig hilsen

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Arita Eline Stene
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Arita Eline Stene